



Årsmøte i Cittaslow 22.06.19. 09.00-14.00

Stad: Palazzo del popolo, på Piazza del Popolo, Orvieto.

Til stades: Delegasjonar frå Cittaslow byar

Opningstale av Stefano Pisani, president Cittaslow International og Roberta Tardani, ordførar i Orvieto.

Verdien av deling. Susanna Tamaro, ein italiensk romanforfattar som også har jobba som ein vitskapeleg dokumentarfilmskapar og som assisterande filmdirektør, held foredrag om betydinga av verdien av deling og samstemme blant kommunane.

AVTALE MED EUROPARC. Europarc er ein organisasjon for naturvern og nasjonalparker i Europa. Cittaslow har inngått ein samarbeidsavtale for å fremme bærekraft for å nå bærekraftsmåla til FN innan 2030. Maurizio Gubbiotti, representant frå Europarc og Domenico Nicoletti, nasjonal konsulent som arbeider med nasjonalparker.

Mot ein meir bærekraftig framtid i byane. Silvia Brini, fra ISPRA, «Det høgere institutt for miljøvern og forskning» basert i Italia, held ei tale om korleis kommunane kan ta skritt mot bærekraft i byer. Ho pratar om korleis det å få fleir og å beskytta grønne områder i byane er essensielt, og oppmodar til meir bærekraftig mobilitet. Gjerne meir gang og sykkelveger gjennom grønne områder.



Resultat og framtid. Presidenten til Cittaslow International, Stefano Pisani, held ei tale som evaluera resultatata frå føregåande år og om viktigheten av å fremme Cittaslow-modellen globalt for de neste generasjonane. Han komplimentera at dei Kina og Tyrkia har designa byar gjennom Cittaslow-filosofien. Dei har utarbeida ein avtale med EU om å jobbe saman på internasjonalt nivå. Han forklarar også at det er på tide å styrke forholdet til private verksemdar og selskap.

European Grouping and Territorial Cooperation. Vitenskapsministeren til Cittaslow International, Arnoud Rodenburg frå Nederland, snakkar om «Europas gruppe for territorialt samarbeid» (EGTC), ein juridisk form som er vedtatt for å ha meir operasjonell kapasitet i Europa på juridisk nivå. Me i Ulvik må diskutera om me vil være med på dette samarbeidet. Julie skal sjå nærmare på kva dette inneber. Gjennom EGTC er det lettare å få ting gjort fordi ein treng berre å fylgja lovane til eit land.



Perspektiv til Cittaslow byar. Vise presidenten til Cittaslow International Tunc Soyer, fra Tyrkia, gir en konferanse om perspektivet til Cittaslow-byene.

Manbonisme teorien. Visepresidenten i Cittaslow International, Dr. Bon Sohn frå Sør-Korea held eit foredrag om teorien manbonisme, ein teori om korleis ein kan forstå verda før kapitalismen og som foreslår ein måte å gjere livet saktare for meir livskvalitet. Ein kan lesa meir om dette i boka «Go Slow and Curvy» Han pratar vidare om andre publikasjonar CittaSlow i Sør-Korea har gitt ut. Så avsluttar han med å prata om nøkkelpunkt for Cittaslow, ifølge han sjølv, nemleg: promotering av lokale produkt, forsvarleg urbanisme og forsvarleg turisme.

Tilbakeblikk på 20 år med Cittaslow. Generalsekretæren til Cittaslow International, Pier Giorgio Oliveti, beskriver to faser av Cittaslow. Den første fase fra 1999 til 2007 og ein eksplosjon av bevegelsen i den andre fase, fra 2008 til 2018. Forklarer at vi i 2019 går inn i en ny fase, der det legges vekt på ein større strategi fra organisasjonen si sida, formelt samla med ordre gjennom ISO 37101 (<https://www.iso.org/standard/61885.html>). Ein gjennomgang av alle aktivitetane som blei gjennomført i 2018 rundt forskjellige prosjekter som Terra Madre i Italia. Han snakker også om den tekniske omorganiseringen av foreningen i Orvieto i 2019. Dei har også laga eit samarbeid med universitetane i Perugia og Lombardia. Han framhevar handlingsplanen frå Polen. Til slutt forklarar han at dei har satt i gang eit arbeid for å samarbeide meir med EU.

Internasjonale fond. Giovanni Bursi pratar om at dei har formalisert eit kontor spesielt for søknadar til internasjonale midlar for å skapa meir utveksling og samarbeid mellom landa. Han pratar ein del om erasmus +. No fokuserast det mykje på eit prosjekt mellom Polen og Italia.

On-line Bok plattform. Luca Filipetti, jobbar for Cittaslow International, forklarar at ein online plattform. Bøkene ligg på biblioteket men ein kan finne dei og all informasjon om dei på nettet.

Årsrekneskap. Generalsekretæren, Pier Giorgio Oliveti forklarar kostnadane, og vidare at dei er i tråd med budsjettet. Rekneskapet ble godkjent utan nokon stemmar imot.

Avtale om installasjon av lade plassar for kjøretøy. Cittaslow skriv ein avtale med Convergence, eit selskap spesialisert på lade enheiter for elektriske kjøretøy. 15 Cittaslow stader kan søke om å få ein slik stasjon.

Dedikasjonsdiplom. Myeong-seo Choi, ordførar i Yeongwol får eit diplom for arbeidet han har gjort for bevegelsen i Sør-Korea.



Presentasjon frå Nettverket

Polen: Viser to videoar dei har laga for Cittaslow.

Australia: Har 3 kommunar og forklarar korleis dei samarbeider. Vidare at det er vanskeleg for dei har så store avstandar, alle dei tre kommunane var til stades i Orvieto og soleis samla for første gong sidan 2017. Dei har ein 4 kommune som har nettopp har søkt.

Belgia: Understreker viktigheten av å etablere samarbeid mellom lærarar og politikarar for å fremme Cittaslow verdiane gjennom utdanning.

Kina: Pratar om ein elv «the yellow river» som er over 6000 år gamal, og som gir svært viktige ressursar til byen. Gjennom cittaslow kan dei betre ta vare på denne elva. Dei jobbar hardt for å forbinde kinesisk kultur i Cittaslow kulturen i sitt arbeid.

Frankrike: Dei er 10 Cittaslow byar. Dei har alle til felles at dei har gamal arkitektur og jobbar derfor mykje med vern om den. Dei fremmar og biodiversitet gjennom sitt arbeid. Han pratar om at det er viktig med internasjonale og interkulturelle relasjonar.

Tyskland: Samarbeider med eit universitet for å forske på Cittaslow byane og har kome med anbefalingar til byane basert på resultatet av denne forskinga. Dei er 21 Cittaslow byar i Tyskland. I 2018 investerte dei mykje i å laga ein bra nettstad.

Italia: seier det er nødvendig å være meir konkret. At med må samarbeide for å prate med ein stemme og å bruke ekspertar for å handla kvalitetssikkert. Med er 25 millionar innbyggjarar i Cittaslow og med kan hjelpe dei unge for å kjempa mot global oppvarming.

Storbritannia: jobbar mykje med plastikk. Dei samarbeider med organisasjonar som allereie jobber med dette. Dei seier at det er mulig og å jobbe utan midlar gjennom og for eksempel basere arbeidet på frivillig arbeide.

Japan: Forklarte at dei var som ein baby som nettopp er fødd. Dei er veldig motiverte for å jobba vidare med Cittaslow.

Nordisk Nettverk: Blei presentert av Island og Danmark. Dei forklarar korleis det Nordiske nettverket fungera. Og Pratar om at dei på Island fokusera på infrastruktur vern av miljøet. Danmark pratar om ein by dei har laga for demente slik at dei på ein sikker måte kan gjere det ein til vanleg gjer i ein by. Ein liten by inni byen.

Nord-Kypros: Av dei 28 kommunane som er på Nord-Kypros er 5 av dei med i Cittaslow. Dei samarbeider mykje ilag. Dei samarbeider også men Tyrkia og har ein frø-bank kor dei tar vare på utrydningstrua frø og frø som er viktige for deira matkultur.

Sær-Korea: 16 Cittaslow byar og dei samarbeider mykje. Dei har 3 store eventar i året: Årsmøte, konkurranse for alle Cittaslow innbyggjarar og årsmøte for alle ordførarane. Dei held også kurs for folk i byane slik at dei vert kjend med filosofien.

Spania: pratar om 8 billige og fine måtar å få ut filosofien til Cittaslow på utan store kostnader.

Tyrkia: Viser ein video.

Taiwan: pratar om utdanning og at dei har gitt ut fleire bøker for barn.

USA: Seier hallo og at dei er glad for å ve der.

Etter presentasjonane får nye Cittaslow stader eit diplom og årsmøte avsluttast klokka 14.00.



Julie Gyllander